



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
69/2019	Kommunestyret	PS	14.10.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/1057

VAL AV VALUTVAL FOR PERIODEN 2019 - 2023

Vedlegg:

Rundskriv H-4/19 om konstituerande møte i kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan framlegg til vedtak

Kommunestyret - Sak 69/2019

KOM - Behandling:

Erlend Hesjedal-Johannessen (H) la fram ei innstilling på vegne av alle partia i kommunestyret.

Medlemmer:

1. Kjartan Haugsnes
2. Trond Olav Magnussen
3. Renathe Vik
4. Line Eide Vik
5. Boris Groth
6. Arne Normann
7. Anne Christin Eide

Varamedlemmer:

1. Edvin Hesjedal
2. Thor Andersen
3. Trygve Jacobsen
4. Line Kydland
5. Heidi Rongved
6. Erlend Hesjedal-Johannessen
7. Ivar R. Bergo
8. Evy Kvamme
9. Hege Eide Vik

Heidi Rongved ba om at vararepresentantane skal være personlege.
Arne Nordmann (KRF) ønskja at Heidi Rongved vart vara for medlemmet frå KRF.

Det vart laga nytt forslag med personlege varamedlemmer og to varamedlemmer som er tilgjengeleg dersom personleg varamedlem ikkje har høve til å møta.

Medlemmer med personleg varamedlem

1. Kjartan Haugsnes - Line Kydland
2. Trond Olav Magnussen - Edvin Hesjedal
3. Renathe Vik - Ivar R. Bergo
4. Line Eide Vik - Hege Eide Vik
5. Boris Groth - Trygve Jacobsen
6. Arne Normann - Heidi Rongved
7. Anne Christin Eide - Thor Andersen

Varamedlemer tilgjengeleg dersom personleg varamedlem ikkje har høve til å møta:

1. Erlend Hesjedal-Johannessen
2. Evy Kvamme

Det vart først røysta over innstilling med personleg vara. Dette vart samrøystes vedteke.

Line Kydland (SV) la på vegne av SV,SP, H og Frp fram forslag om Kjartan Haugsnes som leiar.

Heidi Rongved (AP) la fram forslag om Arne Normann som nestleiar.

Listeforslag med leiar og nestleiar vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Desse er valt til valutval i Vaksdal kommune for perioden 2019-2023:

Medlemmer med personleg varamedlem

1. Kjartan Haugsnes - Line Kydland
2. Trond Olav Magnussen - Edvin Hesjedal
3. Renathe Vik - Ivar R. Bergo
4. Line Eide Vik - Hege Eide Vik
5. Boris Groth - Trygve Jacobsen
6. Arne Normann - Heidi Rongved
7. Anne Christin Eide - Thor Andersen

Varamedlemer tilgjengeleg dersom personleg varamedlem ikkje har høve til å møta:

1. Erlend Hesjedal-Johannessen
2. Evy Kvamme

Leiar: Kjartan Haugsnes

Nestleiar: Arne Normann

Saksopplysningar:

Kommunelova har i § 5-7 føresegner om "utval" som folkevald organ. Utval i den nye lova skal

omfatta det som tidlegare har vore definert som faste utval eller komitear, og kommunane har ein stor grad av fridom til å avgjere kva utval som skal opprettast, kva arbeidsoppgåver dei skal ha, og kor lenge utvalet skal vere i funksjon.

Det er kommunestyret som opprettar eit utval, og fastset kva saker utvalet skal handsame. Eit utval kan få myndigheit til å ta avgjerder så lenge ikkje anna følgjer av lov, men eit utval kan også berre få utgreiingsoppgåver eller ein innstillingsrett. Utvala kan også vere oppretta for ei konkret sak, berre vere i funksjon ein viss periode, eller dei kan vere varige og vere i funksjon heile valperioden.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmer og varamedlemmer til utvala, og det er også kommunestyret som vel leiar og nestleiar. Medlemene kan veljast anten ved avtaleval eller forholdsval, og leiar og nestleiar veljast ved fleirtalsval, sjå kapittel 7 i rundskriv H-4/19 som ligg ved.

I Vaksdal kommune skal det veljast 7 medlemmer til valutvalet.